

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014**

**Aud Karin Oen** sette på vegner av SV, A, SP og KRF fram slikt forslag:

"Ny innstilling:

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje fram forslag til innføring av kollektivfelt på firefelts innfartsårer til Bergen."

### **Røysting**

Innstillinga vart vedteken med 8 røyster mot 7 røyster (SV, Sp, A, KrF) for Oen sitt forslag.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet ser at det er naudsynt med større grad av kollektivprioritering på innfartsårane dersom ein skal nå mål om endra reisemiddelfordeling i Regional transportplan. Fylkesutvalet ser likevel at det er behov for å vente på evaluering av sambruksfeltet som skal etablerast i Fjøsangerveien, før kollektiv- eller sambruksfelt kan vurderast på nordre og vestre innfartsåre.